

# Eksamen

16.11.16

HES2001

Helsefremmende arbeid/Helsefremjande arbeid

**Programområde:** Helseservicefag

# Nynorsk

## Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timar.
<b>Hjelpemiddel</b>	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
<b>Bruk av kjelder</b>	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	
<b>Informasjon om vurderinga</b>	<p>Eleven viser faglege kunnskapar, ferdigheiter og haldningar i arbeidet i samsvar med kompetansemåla i yrket eleven har valt. Karakteren vert fastsett etter ei heilskapleg vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Eleven kan grunngje og reflektere over det som vert lagt fram ved å ta utgangspunkt i kva, korleis og kvifor.</p> <p>Eleven skal vere i stand til å arbeide raskt, nøyaktig og effektivt.</p>
<b>Andre opplysningar</b>	

Du arbeider på HelseService A/S og du vel sjølv om du arbeider som:

- Apotekteknikar
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær

Beskriv kvar du arbeider.

## Oppgåve 1

På arbeidsplassen din i dag får du ein pasient/kunde, Per Sundet, som ber om råd rundt livsstilssjukdomar og levevanar. Per har slitt med overvekt og hadde eit hjarteinfarkt for eit par månadar sidan. Han har røykt i mange år og vore lite fysisk aktiv. Han har fått informasjon frå sjukehuset, men føler at han treng meir rettleiing og informasjon rundt dette.

- Forklar kva hjarteinfarkt er og korleis det kan oppstå.
- Forklar kva for levevanar og livsstilsendingar det er viktig for han å endre eller starte opp med. Utdjup og grunngje.
- Forklar kva for tyding kosthaldet har for å førebyggje eit nytt hjarteinfarkt.

## Oppgåve 2

Per har i periodar problem med forstopping og luftavgang.

- Forklar korleis fordøyingssystemet fungerer.
- Per ønskjer informasjon og rettleiing om kva han kan gjere for å betre plagene sine. Kva vil du informere og rettleie om?
- Kva for reseptfrie legemiddel kan vere aktuelle for han å bruke ut frå plagene hans? Du gir informasjon og rettleiing om eitt aktuell preparat. Grunngje valet ditt.

## Oppgave 3

Helseservice A/S er oppteken av å ha god hygiene og førebyggje smitte på arbeidsplassen.

- Beskriv kva du gjer for å ha ein god hygiene i din arbeidskvardag. Utdjup og grunngje.
- De har både reint, desinfisert og sterilt utstyr på din arbeidsplass. Ta utgangspunkt i ditt yrke og forklar forskjellen på dette. Når vert kva for utstyr brukt?

## Oppgave 4

Det er vår og du får inn ei ung kvinne, Berit Hansen, som nettopp har fått påvist pollenallergi. Ho ønskjer informasjon og rettleiing.

- Forklar kva som skjer i kroppen ved allergi.
- Kva kan ho sjølv gjere for å legge plagene sine?

## Bokmål

### Eksamensinformasjon

<b>Eksamenstid</b>	Eksamen varer i 4 timer.
<b>Hjelpemidler</b>	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
<b>Bruk av kilder</b>	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
<b>Vedlegg</b>	
<b>Informasjon om vurderingen</b>	<p>Eleven viser faglige kunnskaper, ferdigheter og holdninger i arbeidet i henhold til kompetansemålene i yrket eleven har valgt. Karakteren fastsettes etter en helhetlig vurdering av arbeidet eleven utfører på eksamensdagen.</p> <p>Eleven kan begrunne og reflektere over det som legges frem ved å ta utgangspunkt i hva, hvordan og hvorfor.</p> <p>Eleven skal være i stand til å arbeide raskt, nøyaktig og effektivt.</p>
<b>Andre opplysninger</b>	

Du arbeider på Helseservice A/S og du velger selv om du arbeider som:

- Apotektekniker
- Tannhelsesekretær
- Helsesekretær

Beskriv hvor du arbeider.

## Oppgave 1

På arbeidsplassen din i dag får du en pasient/kunde, Per Sundet, som ber om råd rundt livsstilssykdommer og levevaner. Per har slitt med overvekt og hadde et hjerteinfarkt for et par måneder siden. Han har røykt i mange år og vært lite fysisk aktiv. Han har fått informasjon fra sykehuset, men føler at han trenger mer veiledning og informasjon rundt dette.

- Forklar hva hjerteinfarkt er og hvordan det kan oppstå.
- Forklar hvilke levevaner og livsstilsendringer det er viktig for han å endre eller starte opp med. Utdyp og begrunn.
- Forklar hvilken betydning kostholdet har for å forebygge et nytt hjerteinfarkt

## Oppgave 2

Per har i perioder problemer med forstoppelse og luftavgang.

- Forklar hvordan fordøyelsessystemet fungerer.
- Per ønsker informasjon og veiledning om hva han kan gjøre for å bedre plagene sine. Hva vil du informere og veilede om?
- Hvilke reseptfrie legemidler kan være aktuelle for han å bruke ut fra plagene hans? Du gir informasjon og veiledning om ett aktuelt preparat. Begrunn valget ditt.

### Oppgave 3



Helseservice A/S er opptatt av å ha en god hygiene og forebygge smitte på arbeidsplassen.

- Beskriv hva du gjør for å ha en god hygiene i din arbeidshverdag. Utdyp og begrunn.
- Dere har både rent, desinfisert og sterilt utstyr på din arbeidsplass. Ta utgangspunkt i ditt yrke og forklar forskjellen på dette. Når brukes hva?

### Oppgave 4

Det er vår og du får inn en ung kvinne, Berit Hansen, som nettopp har fått påvist pollenallergi. Hun ønsker informasjon og veiledning.

- Forklar hva som skjer i kroppen ved allergi.
- Hva kan hun selv gjøre for å lette plagene sine?



[www.vigoiks.no/eksamen](http://www.vigoiks.no/eksamen)